

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe **Saksbehandlar**

2009/3742- Ingo Bewer

26

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2010/114	Forvaltningskomiteen	23.06.2010

Utlegging til offentlig ettersyn av reguleringsplan - båt- og skipsmuseum - Gravdal - 201/1 m fl. - Interessegruppa Oline v/ Johannes G. Eide

Innstilling frå rådmannen:

Behandling i Forvaltningskomiteen den 23.06.2010

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 23.06.2010

Kvinnherad forvaltningskomiteen vedtek med heimel i PBL § 12 - 3 at privat forslag tilreguleringsplan – 201/1 m.fl. – båt- og skipsmuseum – Gravdal - Halsnøy, sist revidert den 02.06.10, vert i samsvar med lova lagt ut til offentlig ettersyn.

Utlegginga av planforslaget vert kunngjort i lokalpressa og kommunen sine elektroniske medier, berørte partar og instansar skal varslast.

Kvinnherad forvaltningskomiteen vedtek med heimel i PBL § 12 - 3 at privat forslag tilreguleringsplan – 201/1 m.fl. – båt- og skipsmuseum – Gravdal - Halsnøy, sist revidert den 02.06.10, vert i samsvar med lova lagt ut til offentlig ettersyn.

Utlegginga av planforslaget vert kunngjort i lokalpressa og kommunen sine elektroniske medier, berørte partar og instansar skal varslast.

FAKTAOPPLYSNINGAR

Henvendelse frå:

Tiltakshaver: Interessegruppa Oline gjennom Ing. Øyvind Jørgensen AS

Mottatt: 08.06.10

Oppstartskunngjering

Det var sett krav om planprogram.

Oppstart av reguleringsplan vart kunngjort den 11.11.09 i 6 veker, samtidig at planprogram blir lagt ut til offentlig ettersyn. Berørte partar og offentlege instansar vart varsla med frist for innspel. Før oppstart vart det halde møte mellom tiltakshavar og kommunen.

Innan oppstartsfristen har ein motteke diverse innspel frå myndigheiter.

Ein vil nytte høvet til å revidere evt. nye merknader etter utlegging til offentlig ettersyn.

Om planframlegget

Arealet omfattar deler av gnr.201, bnr.1 m.fl. i Gravdal på Halsnøy.

Området vert føreslått regulert til bebyggelse og anlegg (fritt. småhus og andre typer bebyggelse), samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (veg, fortau, gang- og sykkelveg, gangvegkai, havnelager, parkering), grønnstruktur (grønnstruktur, naturområde, park), bruk og vern av sjø- og vassdrag (småbåthamn, kaste- og låssettingsplass, naturområde og badeområde), hensynssoner (grønnstruktur og bevaring naturmiljø) og juridiske linjer og punkt.

Området har eit storleik på ca. 52,8 daa.

Etter kommunedelplan for Halsnøyområdet (godkjent den 25.09.08) er arealet vist som LNF-område (viktig landbruksområde).

Planforslaget er difor i store områder ikkje i trå med kommunedelplanen.

Reguleringsplanendringa blir behandla etter ny plan- og bygningslov, som detaljplan.

Bakgrunn til ynskje om realisering av Båt- og skipsmuseum

I kulturminneår 1997 vart det gjort omfattande registrering av verveplassar, eller stader der det tidlegare er bygd båtar. Av denne går det fram at frå 1845 åra nytta skipsbyggjaren Gunnar Gravdal verveplassen ved Hansasteinen i Gravdal til å byggje diverse båtstyper. Gravdal skipsbyggeriet vart nytta til skutebygging fram til år 1900 og det største treskipsbyggeriet i landet. Seinare blir det bygd mindre båtar på same plassen.

Eigar av området Johannes G. Eide har i mange år samla flotte båtar og ynskjer at allmugen kan oppleve dei båtane i lokalsamfunnet sitt. Museet skal blant anna innehalde jakta Oline frå 1858 og Halsnøybåten (historisk båtsfunn frå 100-300 år etter Kristus) som nå er rekonstruert.

VURDERING

Samsvar med overordna plan

Omfanget er med føremålet bebyggelse (museum) + fassiliteter ikkje i trå med kommunedelplanen. Planen liggjar dessutan i strandsonen.

Reguleringsforlag sine føremål tar tross alt omsyn til gjeldande kommunedelplan. Store deler av planområdet er park, grønt- og naturområdet og tar vare på natur- og kulturlandskapet og opnar området for almenta. Store deler av det opprinnelege planområdet er trekket ut og difor fortsatt landbruksområde. I.h.t. formålet "båt-og skipsmuseum" er beliggenheiten i strandsone ein naturleg utgangspunkt.

Kommunen er dessutan ikkje kjent med noko andre plass på Halsnøy kor ein er villig å tilretteleggje for museumsdrift.

Konsekvensar og ROS-analyse

Konsekvensar og ROS-analyse er vurdert ut i frå eit null alternativ. Nullalternativet er at det ikkje vert noko båt- og skipsmuseum i Gravdal og heile eigeidom vert brukt som jordbruksareal slik det er i dag.

Fortidsminnesmerke

Ein er ikkje kjent med fortidsminnesmerker på staden.

Samsvar med føringar og merknader:

Ein har fått nokon innspill til planoppstart. Planen tek i stor grad omsyn til innspela frå berørte partar og instansar.

Ein har vurdert området til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing eller planprogram. Tiltakshavar leggjar opp til ein utvida planomtale utan KU.

Planfaglege vurderingar:

Planforslaget er utarbeidd i samsvar med bestemmelsane i plan- og bygningslova.

Plankartet er detaljregulert og differenserar med underføremål. Føresegner er utformt i.h.t. dette.

Tilråing:

Med bakgrunn i ovanstående meiner administrasjonen at planen bør leggjast ut til offentlig ettersyn.

Ein vil elles nytte høvet til å revidere planforslaget i.h.t. nye merknader etter utlegging til offentlig ettersyn.

Vedlegg :

Planforslag, planomtale (liggjår under sak 2009/3742, dok.: 25, vedlegg: 3; kan ettersendast av sakshandsamar) og reguleringsføresegner

Vedtaket sendast til:

Ing. Öyvind Jörgensen AS, Postboks 432, 5403 Stord

